



Terje Rød-Larsen og Gudmund Hernes, forskningsentreprenører ved Fafo,  
*Aftenposten* 10.11.1984.

Foto: NTB, *Aftenposten*, Per Svensson.

## Kapittel 14

# Fafo – tenketank og forskingsinstitutt

Tor Halvorsen

## Innleiing

Forskningsstiftinga Fafo har ein sær eigen plass i norsk samfunnsvitskapleg forskning, utgreiing og informasjonsverksemd.<sup>1</sup> Fafo blei etablert som tenketank, men òg som forskingsinstitutt. Ho vart skapt for å forsvare sosialdemokratiske verdiar og politikk, men må tilpasse seg eit samfunn som rører seg mot nyliberalismen. Fafo vart til som ein reaksjon på «høgrebølgja» og eit svar på dei utfordringane denne representerte for sosialdemokratisk politikk på 1980-talet og frametter.

Historia til Fafo er prega av spenninga mellom tenketankrolla og vitskapleg basert forskning for samfunnet. Samstundes er historia prega av spenninga mellom sosialdemokratisk politikk og det nyliberale alternativet som stadig

---

<sup>1</sup> Takk til Tone Fløtten som har stilt kjelder til rådvelde. Takk for gode kommentarar og viktige idear, kjelder og innspel frå forlaget sin fagfelle.

vinn innpass, òg innan sosialdemokratiet sjølv (Waal, 2009; Mjøset, 2011; Stalsberg, 2019).

Den sterke kunde- eller klienttilknytninga til LO gjer at Fafo har eit særpreg mellom dei samfunnsvitskaplege forskingsinstitutta. Men det er eit særpreg som gradvis blir mindre av (minst) to grunnar: endringa innan universiteta til meir oppdragsforskning, samstundes som grunnløyvingane – som etter kvart kom samfunnsvitskaplege forskingsinstitutt til gode – også vart gjeldande for Fafo frå slutten av 1980-åra. Fafo vart meir eit vanleg forskingsinstitutt lik dei andre samfunnsvitskaplege institutta. Samstundes blir universiteta, som Fafo etablerte forskarsamarbeid med og rekrutterer tilsette frå, meir like forskingsinstitutta. Fafo tilpassar seg ein generell instituttpolitikk med mindre vekt på «tenketank»-verksemd som prioriterer kort veg mellom kunnskap og politikk, analyse og medieoppslag.

Forskringsrådet dreiv etter kvart også denne prosessen framover, mellom anna ved at ei rekke Fafo-forskarar fekk doktorgradsstipend. I same retning verka ei veksande oppdragsportefølgje òg frå Forskringsrådet som sjølvsgt skulle byggje på vitskapens fundament.

Dei politiske og økonomiske føringane som formar instituttsektoren, ser såleis også ut til å trekke Fafo i retning av forskingsinstitutt-profilen og «det vitskaplege». Dette utfordra tenketankprofilen og etter kvart brukar- og klientidentifikasjonen med LO, til fordel for ein allmenn forskarinteresse og samfunnsnytte» for arbeidsliv, velferdsstat og nye landsmenn og – kvinner.

Tilhøvet mellom tenketankar og vitskap er i dag mykje diskutert. I *World Social Science Report* frå 2010, produsert då Gudmund Hernes var president i UNESCO International Social Science Council, blir tenketankar drøfta som eit system som bidreg til kunnskapssamfunnet først og fremst gjennom «war of ideas» og er «typically located at the political forefront, connecting constituencies and serving their knowledge needs and interests.» (Anheier, 2010, s. 338). I 1980 var det færre forsøk på å klargjere kva ein tenketank var, og kva vitskapleg verdi slike hadde ut over det å setje aktuelle tema på dagsordenen.

Overgangen til forskingsinstitutt – på kostnad av tenketankprofilen, syner seg også i formidlingsstrategien, til dømes i prioriteringa av ein omfattande bok- og rapportpublisering. Tenketankar søker vanlegvis å formidle sine kunnskapsresultat som politiske argument i dagsaktuelle media. Eit forskingsinstitutt har sterkare tendens til å la rapportar og bøker tale for seg og tar

mindre ansvar for tolkinga av «vitskapens» resultat og for å argumentere for det forskarane ser som rett fortolking og bruk av opparbeidd kunnskap.

Men, tilbake til starten: Rundt 1980 prega spesialiserte oppdragsinstitutt det norske forskingslandskapet. Fafo-innovasjonen, tenketanken, var noko nytt i Noreg då ho vart etablert i 1981–1982. I det følgjande blir det særleg lagt vekt på etableringsfasen. Det blir trekt trådar framover til i dag. Til slutt kjem nokre vurderingar av Fafo si evne og moglege rolle for den nye tid og det nye paradigmet som utfordrar forskning og praktisk politikk, for både velferdsstat og fagrørsla, den øko-sosiale vendinga i det globaliserte Noreg og den globale verda (Tranøy & Østerud, 2001). Spørsmålet er om Fafo (igjen) bør ta meir ansvar for dei politiske implikasjonane av den forskinga vi i dag treng som alternativ til den nyliberale vendinga som rår i politikken?

## Tenketank – inspirasjonen

Medan det mot slutten av 1970-talet var etablert mange større eller mindre forskingsinstitutt i Noreg, var det ingen tenketankar lik dei vi kjende først og fremst frå det angloamerikanske samfunnet, men truleg også kjend frå Sverige.<sup>2</sup> Det rommet som tenketankar såg ut til å fylle i andre land vi likte (og liker) å samanlikne oss med, var i Noreg fylt av ulike institutt etablerte med bakgrunn i eit anvendt forskingsmandat.

I USA vart til dømes tenketankar (òg med stort innslag av professoral kompetanse) mest vanleg organisert etter initiativ frå det sivile samfunnet. Stats- og departementsforma og mangel på stabilitet i relasjonen mellom stat og samfunn, frávær av eit mangfald av politiske interesseparti, er del av den vanlege forklaringa på kvifor tenketankar oppstår og kan få så stor innverknad på relasjonen mellom kunnskap og politikk. Ønsket om å posisjonere seg raskt i media med kunnskapen sin og bruke – og bli brukt av – media er ei anna

---

<sup>2</sup> Arbeidsgjevarforeininga i Sverige oppretta Timbro i 1978, omtalt i dag som: Nordens främsta marknadsliberala tankesmedja. «Sedan starten 1978 är uppdraget att långsiktigt bilda opinion för marknadsekonomi, fri företagsamhet, individuell frihet och ett öppet samhälle.» <https://timbro.se/om-oss/>

forklaring (Anheier, 2010; Asher & Guilhot, 2010). Ei tredje forklaring, som særleg gjeld dei nyliberale tenketankane omtalt nedanfor, men òg Fafo som tenketank, er at slike eignar seg best for langsiktig «tenking» på tvers av fag, kunnskapsmiljø og dagleg interessekamp for utvikling av langsiktig politikk (og oppbygging av eit alternativt samfunn).

I dag er det meir vanleg med tenketankar også i Noreg.<sup>3</sup> Dei rører seg mellom politikk, økonomi, media og det sivile samfunnet med ulik grad av deltaking frå folk i universitet og forskingssektoren. Men då tenketankorganiseringa blei referert til som grunngeving for å etablere Fafo, var dette for dei fleste nytt. Argumenta for å etablere Fafo vart gitt i eit notat til LO, sannsynlegvis skrive sommaren 1981. Notatet er truleg skrive av Gudmund Hernes nokre månader før sluttrapporten til Maktutgreiinga vart levert. I notatet blir det framført at det trengst eit «institutt» som ser sosiale spørsmål i samanheng – universitetsfag, slik dei er etablerte, er for spesialiserte og sektororienterte, og kunnskapen er i for liten grad politikk- og handlingsorientert:

Disse to problem er en viktig del av bakgrunnen for at en rekke regjeringer og fagforeninger internasjonalt har etablert såkalte «Tenke – Tanker» (Think Tanks) i form av forskingssentre. Mange av disse er i større eller mindre grad modellerte etter amerikanske tenke-tanker som RAND corporation, Brooklin Instituition og Hudson Institute. Hovedmålsettingen er å levere kryss-disiplinær forskning som er relevant for oppdragsgivers langsiktige strategiske planlegging, hvor forskning kombineres med utrednings-, dokumentasjons- og informasjonsvirksomhet. Den siste tilveksten av slike tenke-tanker er den amerikanske fagbevegelsens opprettelse av et eget forskningsinstitutt i 1981 (Institute of Public Affaires). Om enn etter delvis andre modeller er det etablert tilsvarende forskningsinstitutt av fagbevegelsen i flere europeiske land, deriblant Danmark og Sverige.

Nøkkelordet «relevant», som blir henta frå måten tenketankar i USA fungerte på, blir knytt til det langsiktige arbeidet for samfunnsendring og beva-

---

<sup>3</sup> Civita vart etablert som nyliberal tenketank i 2004 (under navnet «tankesmie»), og hevdar på sine nettsider å vere eit nytt fenomen i Noreg (<https://civita.no/politisk-filosofi-og-idedebatt/hoyrekreftenes-lausbikkjer/>).

ring (jamfør referansen ovanfor til RAND). Ein må drive planlegging basert på kunnskap som kan gje langsiktig politisk relevans gjennom kopling mellom uavhengig vitskapleg forskning, utgreiing og politikktutvikling – og påfølgjande informasjonsverksemd. Forskinga skal vere basert på fleirfagleg og sektorovergripande kunnskap, men trygt basert på vitskapens metodar.

## **Forskingscenter eller institutt**

Det var altså behov for eit forskingscenter (og tenketank) som kunne kople forskning, gjerne finansiert av departementa, som «nøytral og uavhengig» forskning, med evne til å formulere nye og uvante problemstillingar, vere i forkant av sosiale problem og ikkje minst skissere praktiske løysingar når problem melde seg. Men aller helst skulle eit slikt center vere i forkant av dei dagsaktuelle utfordringane. Om centeret eller instituttet skulle få den nødvendige respekten i samfunnet, måtte forskingas uavhengigheit vere uomtvisteleg. Val av teori, metode og beskriving av empiriske funn måtte ikkje vere påverka av politiske sympatiar.

Medan uavhengig forskning i Noreg stort sett var (og er) sett i gang av offentlege instansar, hadde landet, som vist i denne boka, òg institutt etablerte av næringslivet. Desse hadde mindre fokus på uavhengig forskning som skapte ny kunnskap, og hadde meir merksemd på bruk av kjend kunnskap for bestemte kundar eller klientar sine behov.

Som eit samfunnsvitskapleg initiativ utanfor stat og styring var såleis Fafø unik i si vektlegging av forskning der det var kopling til universitetsforskarar med sympati med det som vart foreslått som program: inntektspolitikk, arbeidsmarknadspolitikk og eit tredje tema: «konsekvensar av sviktande økonomisk vekst». På slutten av 1970-åra, og særleg først på 1980-talet, var arbeidslivstema sentrale på universiteta i Oslo, Bergen og til dels Trondheim.

## Sosialdemokratiet

I tråd med tenketank-logikken hadde Fafo ei klar brukar- og kunde- eller klientorientering frå starten: fagrørsla spesielt og sosialdemokratiet generelt. I «Utkast til notat om strategisk planlegging», basert på interne diskusjonar i eit tillitsmannsmøte 18. august 1981, skisserer LO-sekretær Lars Buer det strategiske argumentet for kvifor LO treng det som etter kvart skulle bli til Fafo (hans forslag til namn var «Solidaritet: fagbevegelsens senter for utredning og dokumentasjon»)<sup>4</sup> LO uttrykte altså ikkje noko sterkt behov for forskning, slik Hernes hadde vektlagt, men meir dokumentasjon og formidling som «tenketankoppgåver».

Likevel var grunngevingane for kvifor instituttet var nødvendig, omlag dei same frå LO-representanten Buer som dei som er synlege i Hernes-notatet: Den økonomiske krisa i dei vestlege industrilanda og veksande arbeidsløyse kunne òg føre til ei meir grunnleggjande politisk krise. Inflasjonen var veksande, og verkemidla for å få bukt med han var svekka. Og kanskje verst var trusselen mot demokratiet:<sup>5</sup>

Fra enkelte personer og grupper – bl.a. Industriforbundet – er det luftet tanker om å beskjære politikernes makt for i sterkere grad å overføre den til «ekspertene». Vi merker i stadig sterkere grad hvordan en rekke viktige områder blir preget av ekspertenes egen terminologi. Det gjelder ikke minst på det økonomiske området.

Eit klart døme på økonomifagets veksande dominans som «ekspertise» var etableringa av Den Svenske Riksbankens økonomipris, som via eit kupp «fekk lov» til å markere at prisen var til ære for Alfred Nobel. Ein bestemt økonomitradisjon vart løfta opp – den amerikanske og den nyliberale – til ein kunnskap politikarane meir eller mindre måtte underkaste seg. I 1974 fekk Friedrich Hayek prisen, to år seinare Milton Friedman. Dei komande åra gjekk prisen til ei rekke andre økonomar som var med i eller blei medlemmer av Mont Pelerin Society, den tenketanken som skapte nyliberalismen. Alle

---

<sup>4</sup> Fafo-arkiv, Lars Buer, notat 27. august 1981.

<sup>5</sup> Samme stad.

prisvinnarane framførte det felles argumentet at det no var viktig å avgrense demokratiets «forstyrrande» verknad på økonomien (Mirowski, 2020).

I forlenginga av denne argumentasjonen trekkjer Buer inn tydinga til forskning når han hevdar at det viktige er å få definisjonsmakt over dei problema og utfordringane som 1980-talet ville føre med seg. Kampen ville stå om «den forsknings-, utgreiings- og informasjonsverksemda som blir driven».

Dette kan tolkast som ein invitasjon til dei akademikarane i Bergen – som då alt hadde flytta til Oslo, om å vere med på å styrkje kampen om definisjonsmakta.

## Nyliberal ekspertise og trussel mot sosialdemokratiet

Omgrepet «ekspert» er sjølv sagt ein uklar kategori, og Fafø skulle òg utvikle ekspertar. Men når ein koplar ekspertise, økonomisk teori og tenking med kritikk av demokratiet, slik Industriforbundet vart skulda for å gjere, var truleg inspirasjonen til Industriforbundet henta frå dei hegemoniske tenketankane på den tida, dei nyliberale som var blitt reinvaska og heroisert av Sveriges Riksbanks pris. Fafø stod difor overfor ein motstandar som stadig auka makta si over samfunnet (sjå Agora 1, 2011; Agora 3–4, 2020). Mont Pelerin Society (MPS) som «fant opp» omgrepet «nyliberal» i 1947 var berre ein, men den viktigaste, av «ideologispriearar» som i løpet av 1980-talet erobra både det kunnskapspolitiske og det politisk-praktiske landskapet i dei fleste OECD-landa. MPS, via OECD, har i stor grad influert prioriteringar i norsk politikk og forskning (Martens & Jakobi, 2010; Schmelzer, 2015). Vi kan i dag lese historia om «How Neoliberal Think Tanks went global», og korleis dei vart viktige også utanfor OECD-området (Dhelic & Mousavi, 2020; Lenger, 2023).

Mange av tenketankane vart stifta av medlemmer av parlament, og dei trakk politikarar inn i arbeidet sitt. Framstående akademikarar, særleg nobelprisvinnarar, som det stadig vart fleire av innan denne økonomitradisjonen, var viktige å få med i dei mange tenketankavleggarane som MPS inspirerte til etableringa av. Andre hadde sterke næringsinteresser i ryggen i styrer og som tilsette, som svenske Timbro og seinare norske Civita. Det nære samspelet

mellom politikk, økonomi og kunnskap prega dei alle. Det same gjorde den korte vegen til media.

Dette globale «tenkekollektivet» (og dei mange nobelprismottakarane) såg fagrørsla som fremste trussel mot økonomisk liberalisering. Dei vende seg difor òg mot demokratiet (Crouch, 2004). Demokratiet si innblanding i økonomiske avgjersler truga økonomisk fornuft og rasjonelle avgjersler. Dette vart det felles mantra innan nyliberale tenketanknettverk (Slobodian, 2018).

Samstundes som Fafø vart grunnlagt for å forsvare demokratiet og for å framheve fagrørslas demokratiserande rolle, var såleis den økonomiske teori-danninga som etter kvart dominerte, og som gjorde at den svenske arbeidsgjevarforeininga oppretta Timbro i 1978, opptatt av å få fram eit nytt skilje mellom politikk og økonomi. No skulle «marknaden» styre den stadig meir internasjonale økonomien, mellom anna basert på tesa om at marknaden er meir «effektiv» enn andre styreformer, noko som ifølgje Münch (2011) aldri er vitskapleg bevist.

Då Mont Pelerin Society vart stifta, var punkt 1 i det såkalla «Draft statement of aims April 7, 1947», her sitert frå Mirowski & Plehwe (2009, s. 22):

Individual freedom can be preserved only in a society in which an effective competitive market is the main agency for the direction of economic activity. Only the decentralization of control through private property in the means of production can prevent those concentrations of power which threatens individual freedom.

Vi kan difor sjå Fafø si etablering som eit tidleg tiltak i Noreg retta mot dominansen til dei nyliberale tenketankane. Kanskje eitt av få «mottrekk» mot nedbygginga av sosialdemokratiet og OECD si omlegging av politikk og tenketankinnverknad rundt slagordet «the plan not to plan» (Schmelzer, 2015; Martens & Jacobi, 2010). Dette slagordet frå tidleg 1980-tal er stikk i strid med Fafø sin grunnleggande ide om planlagt demokratisk kapitalisme.

Fafø stod med andre ord overfor ein mektig fiende, med eit utal motstandarar på den internasjonale arenaen, alle med eit svært kritisk syn på rolla til demokrati og fagrørslе. Alt i 1947 framheva Hayek at fagrørsla var den største utfordringa for nyliberalistane då han på eit MPS-møte, ifølgje Steiner (2009, s. 182), hevda: «If there is to be any hope of return to a free economy, the question of how the power of trade unions can be appropriately delimited by

law as well as in fact is one of the most important of all the questions which we must give attention».

Sjølv om det i dei ulike nyliberale miljøa, særleg på europeisk side av Atlanteren, òg var sterke krefter for at fagrørsla var nødvendig for ein produktiv kapitalisme viss ho berre vart «lært opp» til å orientere seg mot felles interesser, sentrale forhandlingar og kontroll med streikeretten (jamfør Fafø si vektlegging av verdien av den norske og nordiske modellen som inneheld nokre av desse omsyna), gjekk det samla nyliberale miljøet på begge sider av Atlanteren etter nokre års debatt inn for at fagrørsla var den verste trusselen mot økonomisk fridom (Hayek, 1984).

## Balansegangen

Då Fafø formelt blei stifta i 1982, var det for å møte utfordringane – eller truslane – som låg i den nye tida med økonomisk krise, sviktande vekst, arbeidsløyse og truslar mot demokratiet. Utfordringane skulle møtast med forskning på vitskapens grunn, utgreiingar som skulle vere handlingsorienterte, og deltaking i informasjonskampen om sanninga. Det overordna målet var todelt: å styrkje fagrørsla og å delta i samfunnsdebatten med basis i eiga forskning og idear om politisk handling, og generelt opparbeide ein særeigen kunnskapsprofil.

Skiljet mellom forskning og utgreiing er ikkje absolutt. Forsking kan gjere krav på meir utgreiing, og utgreiingar kan inspirere til meir forskning. I debatten om oppstarten av Fafø blei det til dømes argumentert for at Maktutgreiinga og Levekårsundersøkinga var forskning som kravde utgreiing og konkretisering av politikk. Maktutgreiinga var initiert av Arbeidarpartiet, og Levekårsgranskinga av LO. Utgreiingsarbeid er òg nødvendig for å halde tritt med alt som blir publisert av gode studiar i inn- og utland, også for å avgrense trongen for eiga forskning, eller for å reise problem som var for lite fokuserte i den norske forskarkonteksten, anten av forskingsråd, universitet eller instituttsektoren elles.

For at tenketanken skulle fungere, måtte Fafø vise evne til å meisle ut alternativ politikk og gjere seg gjeldande med denne i media, om ein skulle påverke det offentlege rommet generelt og også bli eit institutt for offentleg

politikkutforming. Men for å få oppdrag, til dømes frå departementa, måtte forskinga ha karakter av vitenskap, altså vere etterprøvbar. I den første årsmeldinga er «balansegangen» uttrykt slik: (Årsmelding for 1982, januar 1983).

Instituttet har til oppgave å arbeide med forskningsoppgaver og utredninger som belyser viktige trekk i utviklingen internasjonalt og nasjonalt og hvordan disse påvirker arbeiderbevegelsens posisjon og oppgaver. Det kan legges spesiell vekt på å belyse hvordan dette kan ha konsekvenser for fagbevegelsen og hvilke mulige strategier fagbevegelsen kan følge i årene framover.

## Aktørane

Den sentrale aktøren var LO og LO sitt ønske om å bli betre til langsiktig planlegging og strategiutvikling – å tenkje langsiktig og føregripe, framfor å drive med brannsløkking. For å sikre balansen mellom tenketankidealet, forskingsidealet og evna til å delta i det offentlege ordskiftet, vart to rikskjende akademikarar og politikarar, begge sentrale i etableringsprosessen og ideutforminga, tilsette: som dagleg leiar, Terje Rød-Larsen, og som (sjefs)forskar, Gudmund Hernes.

I boka til 25-årsjubileet blir stiftinga sett mest som eit akademisk tiltak, der Rød-Larsen var viktigast (Dølvik mfl., 2007, s. 31):

Med utgangspunkt i striden om den første Maktutredningen, hvor den frimodige unge magisteren hadde utfordret Gudmund Hernes' professorale verdighet med hardtslående angrep på Maktutredningens byttemodeller og mangel på kritisk aktørteori, ble ideen om FAFO unnfanget «[...]Hans visjoner var å bringe fram nye kunnskaper, begreper og forståelsesformer – inspirert av Gramscis teorier om de» organisk intellektuelle – og dermed bidra til at arbeiderbevegelsen kunne gjenreise seg selv som samfunnsomformende kraft. Dette kunne ikke skje ved å bekjempe markedet og de nye frihetssøkende kreftene, men ved å tilpasse nedarvede

institusjoner og arbeidsformer til de nye gruppenes ønsker, behov, og handlingsbetingelser.

Som «organisk intellektuell», utan samanlikning elles, men felles med nyliberale tenketankar si arbeidsmåte, var det strategisk viktig å arbeide innanfor dei etablerte institusjonane for å endre, men òg å bevare. Det blir hevda at dette føregreip Blairs tredje veg – i 25 års etterpåklokskapens lys (Dølvik, 2007). Om Hernes blir det lagt vekt på at han, i tillegg til Levekårs- og Maktutgreiinga, under Per Kleppes leiing var forfattar av «Noregs første samfunnsvitskapleg baserte langtidsprogram», og at arbeidet hans med Maktutgreiinga hadde lagt eit godt grunnlag for «den tredje vegen» (Dølvik, 2007, s. 31):

Etter at LO noe nølende gav tilslutning til å opprette Fafø, ble den såkalte Fafø-modellen raskt utviklet som analytisk, merkevarebyggende logo; med en lett omarbeidet versjon av Maktutredningens fire styringssystemer – Foretak (markeds), Administrasjon (forvaltning), Folkevalgte (parlamentarisk demokrati) og Organisasjoner (korporative kanaler) (Hernes 1978) – hva fikk man da? FAFO.

Sjølv om Fafø blir framstilt som ein heim for organisk intellektuelle på sosialdemokratisk venstreside, er det òg lagt vekt på Fafø sin akademiske historie – som LO, i framstillinga 25 år etter, motvillig var med på. Det er forskingsinstituttprofilen som taler, sjølv om referansen til aktørar som organisk intellektuelle er typisk for tenketankar.

I starten var brukar- og klientrelasjonen sterk. For å sikre innverknaden til fagrørsla og LO, som òg var finansieringskjelde ved oppstarten og delvis for seinare verksemd, vart det oppnemnt styre, programråd og forskingsprioriterande utval. I utvalet, eller gruppa som det heitte, sat Jan Balstad, Yngve Hågensen og Reidulf Steen, med Jan Buer som sekretær.<sup>6</sup>

---

<sup>6</sup> Balstad vart tidleg opptatt av forskning, t.d. som LO sin representant i NTNF, (tilknytt LO frå byrjinga av 1970-talet). Jamfør hans uttale: «NTNF-systemet har, når det gjelder disponeringen av offentlige midler stort sett arbeidet på eiernes/ledernes premisser». (Balstad 1974, s. 11). Hågensen var i LO-sekretariatet og vart LO-leiar i 1989, Steen var Arbeiderpartiet sin leiar 1975–1981.

Dei tre sentrale sosialdemokratane, Balstad, Hågensen og Steen, som etter om lag tre månader hadde meisla ut retningslinjer, la vekt på sterk styring frå fagrørsla, men òg frirom for forskingsprioriteringar. I det første styret for Fafo var LO topptungt inne med følgjande personar: Tor Halvorsen, LO-leiar og styrets formann, Arne Born, Norsk Kommuneforbund, Odd Isaksen, Bygningsindustriarbeidarforbundet, Ole Knapp og Svein Erik Oxholm frå LO. Terje Rød-Larsen var sekretær for styret.

Rød-Larsen vart tilsett i 1981; han var utdanna sosiolog. Han var mest kjend i det samfunnsvitskaplege miljøet, ikkje først og fremst for sin kritikk av Maktutgreiinga, som Dølvik (2007) la vekt på, men for studiar av sosial-økonom-profesjonens sterke rolle i norsk samfunnsstyring og planlegging. Interesse hans for planlegging og styring kom truleg særleg til sin rett i samarbeidet med Per Kleppe. Då Kleppe gjekk av som finansminister etter mange år i 1979, blei han minister i det nyoppretta Planleggingsdepartementet og tok med Rød-Larsen som statssekretær. Kleppe, som ved sin avgang som finansminister vart kritisert for å ville ha «for mykje stat» og planlegging, fekk likevel sitt sær-departement for dette formålet. Planleggingsdepartementet varte til 1981, då Willoch-regjeringa overtok. Det vart lagt ned om lag samstundes med at ideane til tenketanken Fafo oppstod. I stiftingsdokumenta er langsiktig planlegging og langsiktig strategisk tenking eit grunnleggande argument for LO sin trong for eit slikt frittståande institutt (som det no heiter). Kleppe figurerte ikkje i dei tidlege notata om etableringa av Fafo, men kan gjennom Rød-Larsen ha vore ein inspirator med sin mangslungne bakgrunn og tru på «sosial ingeniørkunst». Han var til dømes alt i 1955 sekretær for Forskningsrådenes fellesutvalg (FFU), formann i Universitet og høgskolekomiteen av 1960 og leiar av Arbeidarpartiet sitt utgreiingskontor 1967–1971 og 1972–1973.

Nyliberalismen hadde lenge vore kritisk til den typen politikk Kleppe stod for, som sosialisering av bankar, planlegging, kommunal representasjon i bedrifter, fagforeiningsrepresentasjon i bedriftsstyret og korporativ styring. Kleppe-politikken blei sett på som ein politikk prega av statleg trussel mot individets fridom (Beddeleem, 2020).

Ulikt Kleppe og sosialdemokratiet, og truleg Rød-Larsen, måtte planstaten, ifølgje nyliberalistisk teori, erstattast av ein minimal rettsstat, som helst, når nødvendig, brukte offentlege pengar til å styrkje privat initiativ, òg som sosial- og velferdstenester, og sikra marknadslignande åtfærd på flest mogleg

område (såkalla New Public Management). Om vi vender tilbake til MPS sitt program frå 1947, punkt 6: «As far as possible government activity should be limited by the rule of law».

Gudmund Hernes, òg sosiolog med oppstart av si karriere i Bergen, til liks med Rød-Larsen, og etter kvart i samarbeid med kvarandre, var kjend for si verksemd på mange frontar, men mest for Levekårsgranskinga og Maktutgreiinga. Begge utgreiingane er sett på som kjelder til vidare forskning for politikktutforming i planskrivet for Fafø, som truleg var skriva av Hernes. Det blir lagt stor vekt på kunnskap for planlegging for å føregripe utviklinga. Hernes var òg nært knytt til Per Kleppe som statssekretær i Planleggingssekretariatet, det som arbeidde med langtidsplanlegging.

Den første langtidsplanen blir – i 25-årsmeldinga – karakterisert som rettesnor for forskingsprioriteringa i Fafø. Høgre-regimeskiftet førte altså til at to særskilte akademikarar/politikarar vart ledige. I artikkelen om Per Kleppe i *Norsk biografisk leksikon* heiter det:<sup>7</sup>

Kort etter at regjeringa Brundtland gikk av i 1981, stod Hernes sammen med Terje Rød-Larsen i spissen for opprettelsen av Fagbevegelsens Senter for dokumentasjon, utredning og forskning (nå Fafø). Rød-Larsen var organisatoren og Hernes den faglige garanti for et tiltak som skulle bidra til en intellektuell og forskningsmessig opprustning av norsk fagbevegelse.

## **Vekst og utvikling – mot instituttsektoren?**

Alt i årsmeldinga for 1985 kan vi lese at Fafø hadde 25 medarbeidarar pluss 10–15 tilslutta «deltidsarbeidande» akademikarar. Dei sistnemnde var tilsette ved andre akademiske institusjonar, for det meste universitet. I 1985 oversteig prosjektinntektene støtta frå LO, og det offentlege var største oppdragsgjevar. Fafø sende òg for første gong søknad om grunnløyving

---

<sup>7</sup> Store norske leksikon (SNL) Per Kleppe (u.å.).

til Kultur- og vitskapsdepartementet. Grunngevinga var at Fafo var det einaste samfunnsvitskapelege instituttet utan, og at Fafo i hovudsak forska for offentleg sektor. Søknaden nådde ikkje fram, men i Kyrkje- og undervisningskomiteen meinte fleirtalet at det var naturleg at Fafo fekk statsstøtte og bad staten vurdere dette.

Rapporten fortel, i tillegg til veksten, at Fafo var godt nøgd med evna til å skape eigen kunnskap. Om lag ti år seinare var Fafo blitt stort, forskinga så brei og prosjektrekvireringa så omfattande at institusjonen valde å lausrive seg frå den formelle tilknytninga til LO. Fafo flytta det året inn i lokala i Borggata 2B i Oslo og vart til ei stifting. Vedtaket blei gjort av styret i Fafo og sekretariatet i LO 24. juni 1993. Fafo sine grunnverdiar stod fast, og også dei forskingsstrategiske vurderingane hadde framleis fagrørsla i fokus. No vart Fafo delt inn i tre tema eller forskargrupper: senter for studie av arbeidsliv, senter for studiar av offentleg politikk og senter for internasjonale studiar. Særleg det sistnemnde senteret fekk merksemd gjennom arbeidet med Levekårsgranskningane i land i Midtausten, mellom anna i palestinske område. Men også oppdrag med levekårsgranskning i andre land, til dømes Russland, gjorde at denne avdelinga hadde ein stor oppdragsportefølje. For Fafo vart dette arbeidet ein viktig markør, og det skapte mange internasjonale kontaktpunkt. Fafo si rolle for Oslo-avtalen blir ofte framheva. I årsmeldinga frå 2004 heiter det til dømes: «Aktiviteten i Midtøsten utgjorde litt i underkant av halvparten av solgte timer i 2004, og store deler av stabens innsats i regionen var på ein studie av levekår i Irak.»

I prinsippvedtaket om overgang til stifting i 1992, med sjølvstendigjeringa av Fafo, blir det tatt for gitt at stiftinga vil få offentleg støtte på same nivå som for andre forskingsinstitutt. I 1994-årsrapporten blir det klaga på at støtta er mindre enn for andre samfunnsvitskapelege institutt. LO si løyving på 4 millionar fall bort i 1993 ved overgangen til stifting. Brukar- eller klientrelasjonen, eller tenketank-forpliktinga, vart såleis tona ned til fordel for instituttidentiteten, og argumentet om å skape kunnskap for ålmenta blei framheva.<sup>8</sup>

---

<sup>8</sup> Årsrapporten for 1994 er likevel presentert av eit styre som viser både kontinuitet og kanskje også styrka LO- innverknad med namn som Esther Kostøl, Sidsel Bauck, Marthe Kjær Andersen, Leif E. Moland, Svein-Erik Oxholm, Terje Moe Gustavsen Håkon Nielsen, Yngve Hågensen. Vi ser her òg kontinuiteten frå stiftingstida.

Om lag ti år seinare, i 2003, blir det rapportert at støtta frå Noregs forskingsråd utgjer om lag 10 prosent av inntektene. Akademiseringa, som òg viser at skiljet mellom institutt og universitet generelt er blitt mindre, er synleg i prioriteringa av doktorgradsutdanning frå 1990-talet. I 2003 blir det til dømes lagt vekt på at 13 arbeider med ein doktorgrad med Fafø-støtte eller som tilsette. I løpet av 2004 ville talet på fast tilsette med doktorgrad auke frå 8 til 12.

Hovudinstrykket er såleis at Fafø, òg etter stiftingsorganiseringa og no med støtte frå eit breiare spekter av arbeids- og næringsliv – LO, Kommuneforbundet, Orkla, Sparebanken 1, Umo, Elkem og Telenor – hadde ein jamn vekst. Etter kvart kjem det òg til ein breiare representasjon i styret. I det nye årtusenet hadde Fafø organisert forskinga i «fokus-tema» i fem grupper: «arbeidslivsorganisering og arbeidsmarked», «kompetanse, læring og arbeidsliv», «innvandring og integrering», «arbeidslivet og velferdsordningar» og «verdiskaping og bedriftsutvikling». Sjølv om arbeidslivet framleis er i sentrum og difor fagrørsla, ser vi òg starten på ei reise mot sosial- og velferdsproblem, og dessutan kompetanse for det nye arbeidslivet som krev formell utdanning med fokus på relasjonen mellom utdanning og arbeid. Økonomisk politikk og fordelingsverknader av offentleg sektor, dei viktigaste tema i oppstarten, var no mindre framme.

Dette skiftet i hovudtema kjem òg til uttrykk i støtta frå Forskringsrådet i perioden 2003–2008 til eit senter for studie av fattigdom, minstesikring og sosial integrasjon. Denne «miljøstøtta» gav håp om at Fafø kunne bli eit leiande senter – noden i internasjonale nettverk innanfor dette temaet. Forskringsrådet vart viktigare for finansieringa, og med det òg fokus på ressursvake klientar og konsekvensane av nyliberal politikk for dei som fell utanfor velferdsstatens ordningar. I starten, som framheva ovanfor, var det meir fokus på årsakene til den nyliberale politikken og truslane mot det politiske fellesskapet og demokratiet.

Tone Fløtten, leiar for Fafø i mange år fram til 2024, tar til dømes opp dette i *Hamskifteboka: Ulikhet og sosial fordeling* (Fløtten, 2023, s. 253). I denne boka til 40-års jubileet, tematiserer Fløtten ein viktig kontinuitet i Fafø: levekårsgranskningane og fokus på «fråsorteringa» i eit elles arbeidsintensivt samfunn som det norske, og det stadig viktigare tema: innvandring og integrasjon.

I sjølvrefleksjonen til Fafø etter 40 års virke er det likevel argumentert for kontinuiteten. Den norske modellen blir lansert som rammeverk, og Fafø sitt bidrag var å halde denne ved like, trass i dei mange angrepa frå Willoch-

regjeringa (1981–1986) og i tida etter. Boka gir oss det forskningsbaserte funnet: At til tross for deregulering og privatisering, NPM og internasjonalisering av økonomien, er det sterk kontinuitet i måten institusjonar og borgarane samhandlar på. Det er tale om *Ein kollektivistisk individualisme* (Hernes & Hippe, 2007). Den er skapt av våre historiske erfaringar og habitus, har prega samfunnet og har avgrensa nyliberal politikk, såleis òg karakteren til «høgrebølga» sine reformar frå innsida av institusjonane.

Fafo har bidratt til dette ved forskning om og politikkkutvikling for den norske forhandlings- og velferdsmodellen. Ei korporativ samordning for å skape samhald og stabilitet, der stat og partane i arbeidslivet gjennom forhandlingssystemet – særleg i sentrale oppgjør – har danna grunnlaget for kontinuitet i fordeling og oppslutning om verdiskapinga. Utfordringa med særinteressemarkering frå profesjonsgrupper og nyare grupper som utdanningssamfunnet fører inn i middelklassen, er blitt tølma. LO sin forhandlingsprofil, særleg frontfagmodellen, og det organiserte samspelet mellom yrkesgrupper, i store forbund, ser ut til å smitte over på alle organisasjonane, som i fellesforbund som YS og Unio utanfor LO. Det ser såleis ut til at ein allianse mellom middelklasse og arbeidarklasse over lang tid er oppretthalden innan den norske modellen – sjølv om seinaste utvikling tyder på at denne alliansen slår sprekker. I ettertid har vi sett kor viktig dette er for forsvar for og oppslutning om demokratiet (Rueschemeyer mfl., 1992).

Med andre ord: hovudfunnet i sjølvrefleksjonen over 25 år er at til tross for «høgrebølga», individualismen og privatisering har mykje av sosialdemokratiet overlevd. Kompetansefokuset som etter kvart blir sentralt, som i forholdet mellom arbeid og utdanning (Falkum & Grimsrud, 2007), verkar òg støttande for oppslutninga om demokratiet.

Ti år seinare, i årsrapporten for 2022, har den jamne veksten ført til at det er om lag 90 tilsette ved Fafo. I sjølvrapporteringa heiter det: «Forskningsstiftelsen Fafo har over tid vært et av Norges største samfunnsvitenskapelige forskningsmiljøer målt i omsetning og antall forskerårsverk.» Tema er no tydeleg meir orienterte mot sosialpolitikk og ressursvake klientar, medan makt og økonomi, den direkte kampen mellom klassene, ser ut til å vere mindre i fokus, sjølv om målsettinga dei siste tiåra har vore stabil – og framleis er formulert som: «Målsettingen med Forskningsstiftelsen Fafo er å utvikle kunnskap om deltakelse, levekår, demokrati, utvikling og verdiskaping, nasjonalt og internasjonalt». I 2022 vert følgjande tema for forskinga

presentert: «Arbeidslivsorganisering og arbeidsmarked, Migrasjon, integrasjon og kompetanse, Velferd og levekår, Globale studier.»

Det blir lagt vekt på at Fafø-forskinga når langt ut i det norske og også ut i det internasjonale rommet. Fafø-forskarane er mykje brukte som foredrags-haldarar, i komitear og offentlege utgreiingar, og dei opprettheld såleis noko av tenketankvekta på ein aktiv mediaprofil. Fafø-forskarane er med andre ord blitt «organisk intellektuelle» i si sjølvforståing. Tilknytninga til fagrørsla er framleis sterk og synleggjort i styret si samansetting, men påverknaden av variert og mangfaldig prosjektrekvisisjon, ulike faglege interesser og ikkje minst korleis Forskringsrådet formar forskingsprioriteringar, tel kanskje meir enn «klientrelasjonen» til LO.

## Det globale

I Fafø-prioriteringa av forskingsfelt heiter det ikkje lenger *internasjonale studiar*, men *globale studiar*. Det globale er, som kjent, eit mykje diskutert tema dei første tiåra av 2000-talet innan dei fleste akademiske miljø. Alt er globalt. Statar er bundne av det globale, men òg involverte, ut frå sine internasjonale interesser, i å forme det globale. Det same er nettverk innan det sivile samfunnet, det multilaterale systemet og ikkje minst storkonserna (Tranøy & Østerud, 2001). Nyliberalismen sin suksess i dei fleste vestlege land er òg global og eit døme på ei global mobilisering som har lukkast (Lenger, 2023, s. 432–494). Motkreftene, til dømes arbeid- og fagorganisasjonar sine globale ytringar, ser vi mindre til, med nokre få unntak (Sørvoll mfl., 2018).

Vi ser òg tendensar til at universitet og forskingsinstitutt, ankra i globale debattar og nettverk, reformerer sin profil og måten dei driv forskning på: val av tema, tolking av data og ikkje minst vurdering av oppdragsgjevarar. Forskinga blir ikkje lenger forma av «metodologisk nasjonalisme», men av kvar ein står innan det globale. Rettferd, likskap, vekst og velstand, industrialisering og ressursutnytting, solidaritet, klassekamp og fagleg organisering er tema som får nye tolkingsrammer. Globaliseringsdebatten og globale utfordringar grip såleis rett inn i Fafø si kjerneverksemd.

I boka som kom til Fafo sitt 40-årsjubileum (2023) kjem dette her og der til uttrykk i kapitla, men det er mest synleg i dei mange kapitla om innvandring: i kapittel 7, skrive av Anne Mette Ødegård, *Arbeidsinnvandring og nye skillelinjer i arbeidsmarkedet*, og heile del 3, *Migrasjon og integrasjon*, med fem kapittel. Men referanseramma er utanfrå og inn, det norske og det som endrar seg på grunn av opne (eller lukka) grenser.

Globaliseringsdebatten ser likevel ikkje ut til å ha tatt av; fokuset er framleis det norske i verda. Om vi skal klare omstillinga til den øko-sosiale utviklingsmodellen, må fagrørsla – som ein allianse mellom lønnsarbeidarar med og utan (lengre) utdanning – erkjenne at vår velstand er bygd på utbyttinga av andre, òg lønnsveksten. Den økonomiske veksten har sine imperialistiske føresetnader som, i namnet til rettferd og likskap, miljø og natur, ikkje kan halde fram som i dag og styre vår økonomi og politikk, som i all hovudsak er retta mot akkumulasjon av rikdom for dei få (Kuttmer, 2018). Global solidaritet står med andre ord mot den norske modellen.

I 40-årsboka blir det sagt at: «Vi drøfter konsekvensene av internasjonale trender som slår inn i Norge, og som setter den norske modellen på prøve.» Det er framleis snakk om «det internasjonale» – det gjeld å forsvare den «norske modellen». Men viss vi vil alle vel på denne jorda, må denne modellen reviderast. Som det blir argumentert for av FN (Grønningsæter & Stava, 2015), må vi i vår tid sette det globale først.

Som det går fram av Fafo si mangeårige forskning, føreset den norske modellen vekst og jamn fordeling av produktivitetsevinst, og at kjøpekrafta blir stadig betre. Dette er òg blitt kalla «solidaritetsmodellen» – det er Kleppe si formulering. Men denne modellen bygger vidare på global utbytting, på global mangel på solidaritet. Spørsmålet er derfor: Korleis kan forhandlingsmakt og sterke fagrørslar brukast til å endre den norske modellen mot global solidaritet, sjølv om det betyr at verdier blir skapte og fordelte på nye måtar?

Det tyder igjen at Fafo – no meir som tenketank enn som prosjekt-rekvirerande samfunnsvitskapleg forskingsinstitutt, nært knytt til oppdrags-gjevarar – må tenke industrialisering på nytt og bidra med kunnskap om korleis denne kan gå føre seg i ei ressursansvarleg og CO<sub>2</sub>-fri verd, der alle har rett til eit anstendig liv.

Utfordringa er stor: Omlag 70 prosent av folk på jorda vil aldri oppleve ein normalarbeidsdag eller fast løn. Dei bidreg til vår velstand utan sjølve å få

del i velstandsutviklinga. Difor kan denne utfordringa, som heng saman med dei fleste andre, heller ikkje setjast på vent.

Med sine mange forskarar, med sin strategi om å endre for å bevare ved hjelp av den særlege nedarva (norske) kollektive individualismen, er Fafo igjen ein potensiell tenketank, og slik meir enn eit forskingsinstitutt. Fafo kan utvikle vidare den kollektive individualismen og bidra med kunnskap om framtidige omstillingar som må kome. Dette vil utfordre den norske modellen som har vore rettesnor for Fafo sidan starten. Kanskje kan styrken i denne modellen, med fagrørsla i sin midte, bli drivkrafta i ei slik omstilling? Då må forhandlingsystemet fokusere på meir enn løn, vekst og intern nasjonal fordeling. Ein ny maktkamp er i så fall i emning – og kanskje eit nytt hamskifte?

## Ny tenketankorientering?

Fafo starta opp inspirert av tenketank-utviklinga i det anglo-amerikanske samfunnet, unnfanga av LO i ein kultur der «tenketank»-rommet var fylt av forskingsinstitutt.

Over tid har organisasjonen utvikla seg til å bli eit av dei største samfunnsvitskapelege institutta i Noreg. I dag har Fafo nær 100 tilsette innan ulike typar kunnskapsgenererande einingar. Som forskingsinstitutt er det framleis særleg knytt til LO, men prosjektrekvireringa går breitt ut i samfunnet, og Fafo har ikkje minst ein forskingsprofil utvikla i samspel med, og med hjelp av, pengar frå Forskingsrådet.

Om Fafo skal fornye seg og bli ein aktør som bidreg til at Noreg og den norske fagrørsla klarer omstillinga til ei global verd, der dei grunnleggande verdiane Fafo er tufta på – solidaritet, likeverd og omsyn til miljø og natur – står i sentrum, må «tenketank-orienteringa» fram igjen. Spirane til global tenking må dyrkast fram, med eller utan pengar frå oppdragsgevarar.

## Referansar

- Agora. (2011). *Nyliberalisme* (nr. 1). Universitetsforlaget.
- Agora. (2020). *Foucault og nyliberalismen* (nr. 3–4). Universitetsforlaget.
- Anheier, H. (2010). Social science research outside the Ivory Tower: The rise of think-tanks and civil society. I *World Social Science Report: Knowledge Divides*. (s. 338–340). UNESCO.
- Asher, T. & Guilhot, N. (2010). The collapsing space between universities and think-tanks. I *World Social Science Report: Knowledge Divides*. (s. 341–343). UNESCO.
- Balstad, J. (1974). Produksjonsproblem og tilhørende forskningsbehov sett fra et arbeidstakersynspunkt. *Hovedkomiteen for norsk forskning*. Oslo.
- Beddeleem, M. (2020). Recording liberalism: Philosophy and sociology of science against planning. I D. Plehwe, Q. Slobodian & P. Mirowski (Red.), *Nine lives of neoliberalism*. Verso.
- Brandt, T., Ingulstad, M., Larsen, E., Mangset, M. & Schwach, V. (2019). *Avhengig av forskning: De norske forskningsrådenes historie*. Fagbokforlaget.
- Crouch, C. (2004). *Post-Democracy*. Polity Press.
- Dhelic, M.L. & Mousavi, R. (2020). How neoliberal think tanks went global: The Atlas Network 1981 to present. I D. Plehwe, Q. Slobodian & P. Mirowski, *Nine lives of neoliberalism*. (s. 257–282). Verso.
- Dølvik, J. E., Fløtten, T., Hernes, G. & Hippe, J. M. (Red.). (2007). *Hamskifte: Den norske modellen i endring*. Gyldendal.
- Fafo. (1982–2023). Årsrapporter. [https://www.fafo.no/images/aarsmeld/Årsrapport\\_FAFO\\_FS\\_2023.pdf](https://www.fafo.no/images/aarsmeld/Årsrapport_FAFO_FS_2023.pdf)
- Falkum, E. & Grimsrud, B. (2007). Mellom institusjon og praksis: Betingelser for omstilling i arbeidslivet. I J. E. Dølvik, T. Fløtten, G. Hernes & J. M. Hippe (Red.), *Hamskifte: Den norske modellen i endring*. (s. 99–122). Gyldendal.
- Fløtten, T., Kavli, H. C. & Trygstad, S. (Red.). (2023). *Ulikhetens drivere og dilemmaer*. Universitetsforlaget.
- Grønningsæter, A. B. & Stava, S. E. (2015). *The global goals for sustainable development: Challenges and possible implications for Norway* (Fafo Discussion Paper). <https://www.fafo.no/images/pub/2015/956.pdf>
- Hernes, G. & Hippe, J. M. (2007). Kollektivistisk individualisme. I J. E. Dølvik, Fløtten, T. Hernes, G. & J. Hippe, J.M. (Red.), *Hamskifte: Den norske modellen i endring*. (s. 317–346). Gyldendal.
- Kuttner, R. (2018). *Can democracy survive global capitalism*. Norton.
- Lenger, F. (2023). *Der Preis der Welt: Eine Globalgeschichte des Kapitalismus*. C.H. Beck.
- Martens, K. & Jakobi, A. J. (2010). *Mechanisms of OECD governance: International incentives for national policy-making*. Oxford University Press.
- Mirowski, P. (2020). The neoliberal ersatz Nobel Prize. I D. Plehwe, Q. Slobodian & P. Mirowski (Red.), *Nine lives of neoliberalism*. (s.219-254). Verso.
- Mjøset, L. (2011). Nyliberalisme, økonomisk teori og kapitalismens mangfold. *Agora*, 1, 5–54.

- Münch, R. (2011). *Akademischer Kapitalismus: Über die politische Ökonomie der Hochschulreform*. Suhrkamp.
- Nowotny, H., Scott, P. & Gibbens, M. (2001). *Re-thinking science: Knowledge and the public in the age of uncertainty*. Polity Press.
- Plehwe, D. & Mirowski, P. (Red.). (2009). *The road from Mont Pelerin: The making of the neoliberal thought collective*. Harvard University Press.
- Plehwe, D., Slobodian, Q. & Mirowski, P. (Red.). (2020). *Nine lives of neoliberalism*. Verso.
- Rueschemeyer, D., Stephens, E. H. & Stephens, J. D. (1992). *Capitalist development and democracy*. Polity Press.
- Schmelzer, M. (2016). *The hegemony of growth: The OECD and the making of the economic growth paradigm*. Cambridge University Press.
- Slobodian, Q. (2018). *Globalists: The end of empire and the birth of neoliberalism*. Harvard University Press.
- St.meld. nr. 36 (1992–93). *Forskning for fellesskapet. Om forskning*.
- Stalsberg, L. (2019). *Det er nok nå: Hvordan nyliberalismen ødelegger mennesker og natur*. Manifest.
- Steiner, Y. (2009). The neoliberals confront the trade unions. I D. Plehwe & P. Mirowski (Red.), *The road from Mont Pelerin: The making of the neoliberal thought collective*. (s. 181–203). Harvard University Press.
- Sørvoll, J., Korsvik, T. R. & Helle, I. (2018). *Kollektive bestrebelse: En bok til Knut Kjeldstadli på 70-årsdagen*. Novus Forlag.
- Tranøy, B. S. & Østerud, Ø. (Red.). (2001). *Mot et globalisert Norge? Rettslige bindinger, økonomiske føringer og politisk handlingsrom*. Gyldendal Akademisk.
- Wahl, A. (2010). *Velferdsstatens vekst – og fall?* Gyldendal.
- World Social Science Report. (2010). *Knowledge divides*. UNESCO.